

**Død laks funne i elva**

30.08.2010

**I helga er det funne ein død laks på mellom 3 og 4 kilo nedforbi Djupehølen, opplyser oppsynsmann Arne Terje Haugland til uskedalen.no**

Laksen vart undersøkt av veterinær Svein Rimestad, men han kunne ikkje finna nokon klar årsak til at fisken hadde bukka under.

- Var det mykje lus på han?

- Nei, men det var litt sopp. Vi gjer ikkje noko meir med fisken, men vil gjerne høyra frå folk som eventuelt har funne fleire døde, sjuke eller skada fiskar.

Det kan jo henda at forklaringa er at fisken har gått på ein krok, men at fiskaren har mista han.